



Ulvik herad
Skeiesvegen 3
5730 ULVIK

Dato: 22.12.2015
Vår ref.: 2014/19439-65
Saksbehandlar: arnasan
Dykkar ref.:

Tannhelsetenesta i Hordaland - klinikkstrukturplan 2015 - 2030

Fylkestannlegen i Hordaland har utarbeidd ein klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland. Planen har vore på høyring til alle kommunar og aktuelle organisasjonar.

Målet er at klinikkstrukturplanen skal bli politisk handsama i fylkestinget i mars 2016. Før den tid vil fylkestannlegen tilby eit orienterings- og drøftingsmøte til alle kommunar der det er forslag om endringar i klinikkstruktur og tenestetilbod.

På grunn av forslag til løysing på framtidig tenestetilbod i Ulvik herad finn fylkestannlegen det naturleg å invitere Ulvik herad til eit orienterings- og drøftingsmøte **tysdag 19 januar 2016 kl 12 – 1330 på fylkesrådmannens kontor i fylkesbygget 14. etasje – Agnes Mowinckels gt 5, Bergen.**

Temaet er tannhelsetenesta sin framtidige tilbod i Ulvik herad.

Fylkestannlegen ser for seg at Ulvik herad kan delta med inntil 2 representantar. Frå Hordaland fylkeskommune deltek fylkesrådmannen, og frå tannhelsetenesta deltek overtannlege i Aust tannhelsedistrikt Lathamini Murugesu og fylkestannlegen i Hordaland.

Ved spørsmål, eller for tilbakemelding om deltaking på møtet kan fylkestannlegen kontaktast på e-post: arne.asan@hfk.no – eller på telefon 416 67 867.

Vel møtt!

Arne Åsan
fylkestannlege

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

